




Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Sonja Ramsvik, 55 57 21 56

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ



Vår referanse
2015/14267
Dykkar referanse

Varsel om forvaltningskontroll - Lindås kommune

Fylkesmannen varsler med dette om kontroll av landbruksforvaltninga i Lindås kommune 19.november 2015, med oppstart kl.09.00.

Bakgrunn

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for å sikre at dei statlege midla vert brukt og forvalta som føresett. Fylkesmannen kan utføre kontroll av forvaltninga i kommunen med utgangspunkt i §15 i reglement for økonomistyring i staten av 1.januar 2006, §11 i forskrift om produksjonstilskudd i jordbruket av 22.mars 2002, §5 i forskrift om tilskot til generelle miljøtiltak i jordbruket i Hordaland av 21.juni 2005, §14 i forskrift om tilskot til avløysing av 12.mai 1995.

Omfang av kontrollen

Kontrollen vil omfatte følgande ordningar:

- produksjonstilskot
- tilskot gitt over regionalt miljøprogram
- tilskot til avløysing ved sjukdom
- spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Førebuingar og frist for tilbakemelding

Før kontrollen er det ønskeleg at kommunen gjer følgande førebuingar:

1. Definerer kontaktperson for gjennomføring av kontroll.
2. Definerer kva personar frå kommunen som skal delta under kontrollen.
3. Sørger for at dokumenta i lista under er lett tilgjengeleg under undersøking.

Dokumenta skal vere klare før kontrollen startar. Dersom dokumenta kun ligg i eit elektronisk arkiv, må Fylkesmannen få tilgang til arkivsystemet under kontrollen. Dette må avklara med kontolleiar på førehand.

Dokument som skal vere tilgjengeleg for kontroll:

- søknad om produksjonstilskot for 2013/2014 og august 2013/2014
- søknad om tilskot frå regionalt miljøprogram for 2013 og 2014
- søknad om spesielle miljøtiltak i jordbruket for 2013 og 2014
- søknad om tilskot til avløysing ved sjukdom for 2013 og 2014

4. Sørger for at eit passande møterom er tilgjengeleg for gjennomføring av kontrollen. Det må være tilgang til internett for fleire (medbrakte) datamaskiner på møterommet.

Fylkesmannen stiller med tre representantar på denne kontrollen.

Vi ber om at de gjev tilbakemelding på punkt 1-4 til kontolleiar Sonja Ramsvik snarast mogleg etter at de har motteke dette brevet. Sonja Ramsvik kan kontaktast på telefon 55 57 21 56 / 917 14 028.

Agenda for dagen:

1. Opningsmøte for forvaltningskontroll i kommunen med informasjon om formål med kontrollen, grunnlag og omfang.
2. Gjennomføring av dokument.
3. Intervju.
4. Sluttmøte for forvaltningskontrollen, med oppsummering av funn frå undersøkinga.

Vi ber om at ein representant frå leiinga av kommunen deltek under opnings- og sluttmøte. Ta elles kontakt med kontolleiar dersom det er spørsmål til gjennomføring av kontrollen.

Med helsing

Åse M Vaag
Landbruksdirektør

Sonja Ramsvik
Kontolleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.